



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	13.10.2015
<b>Tid:</b>	13:30 – 15:30

---

### Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

---

### Forfall:

Tor-Sindre Steinsvik	MEDL	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Margaret Leinebø	MEDL	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

---

### Varamedlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Tor-Sindre Steinsvik	H
Sigurd Voldsund Nygard	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Fred Hansen	Margaret Leinebø	H
Henry Jøsokbakke	Olaug Andreassen	V
Svein Gjelseth	Per Kristian Furø	AP

---

**Andre:** Rådmann Olaus Jon Kopperstad      Politisk sekretær Brit Berge  
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller      Eigedomsleiar Robert Myklebust  
Rolf Henning Hide anleggs- og driftsavdelinga

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:  
Henry Jøsokbakke og Kjell Runde.

Skriv delt ut i møte: Møtereferat sak «Mudring av Fosnavåg hamn».  
Brev frå Safe24 vedk. F-sak 185/15.

Svein Gjelseth fekk permisjon kl. 15:00, under handsaming av F-sak 186/15.

**Drøftingar:**

Orienteringar: Barnevernsmeldingar frå 01.05.2015-31.08.2015 u. off § 13.

---

underskrifter

Henry Jøsokbakke

Arnulf Goksøy

Kjell Runde

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 180/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 181/15	Protokoll frå førre møte
PS 182/15	Referatsaker
PS 183/15	Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn gnr. 7/37 m/fl - Oppstart av planarbeid
PS 184/15	Økonomisk avslutning, ombygging tak, Myrvåg omsorgssenter.
PS 185/15	Reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrift - Thon hotel Fosnavåg
PS 186/15	Leikanger skule - tilbygg og rehabilitering
PS 187/15	Tertialrapportering pr 01.09.2015 Referatsaker
RS 51/15	Kommunereforma med fokus på ungdom

**Prenta skriv til orientering/drøfting:** Barnevernsmeldingar frå 01.05.2015-31.08.2015  
u.off. §§ 13 – vert delt ut i møte.

## **PS 180/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 181/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 182/15 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 183/15 DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV KVALSVIK HAMN GNR. 7/37 M/FL - OPPSTART AV PLANARBEID**

### **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.  
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 13.10.2015**

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Kvalsvik hamn.

## **PS 184/15 ØKONOMISK AVSLUTNING, OMBYGGING TAK, MYRVÅG OMSORGSSENTER.**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 13.10.2015**

1. Økonomisk avslutning for prosjektet vert godkjend.
2. Meirforbruket på 394 557,- vert finansiert ved låneopptak.

## **PS 185/15 REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVA MED FORSKRIFT - THON HOTEL FOSNAVÅG**

### **Møtebehandling:**

Camilla Storøy reiste habilitetsspørsmål. Ho var frivillig vakt på festivalområdet under det aktuelle arrangementet.

Camilla Storøy vart samrøystes kjend inhabil jfr. KL § 40 FVL §6, 2. ledd

Arnulf Goksøy (H) kom med framlegg om slik ny tilråding:

Thon hotel Fosnavåg får ein advarsel i samband med festivalhelga 26.-28.06.2015. Bakgrunn for advarsel er at det under festivalhelga var kontroll og at det var fleire hendingar som avdekte brot på alkohollova med føreskrift. Framlegget frå Arnulf Goksøy vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Formannskapet - 13.10.2015**

Thon hotel Fosnavåg får ein advarsel i samband med festivalhelga 26.-28.06.2015. Bakgrunn for advarsel er at det under festivalhelga var kontroll og at det var fleire hendingar som avdekte brot på alkohollova med føreskrift.

## **PS 186/15 LEIKANGER SKULE - TILBYGG OG REHABILITERING**

### **Møtebehandling:**

Eigedomsløiar Robert Myklebust og Rolf Henning Hide anleggs- og drifts-avdelinga møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 13.10.2015**

1. Formannskapet tek orienteringa til vitande.
2. Formannskapet ber rådmannen om å utarbeide teiknings- og prosjekteringsgrunnlag for prosjektet og oversende dette til godkjenning i plan- og byggenemnda snarast mogleg etter at kommunestyret har godkjent byggeprogram for prosjektet.
3. Utlysing av entreprisekontrakter føreset kommunestyrets vedtak om fullfinansiering av prosjektet. Rådmannen bes om å fremme forslag til løyving av investeringsmidlar for 2016.

## **PS 187/15 TERTIALRAPPORTERING PR 01.09.2015**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 13.10.2015**

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

**MØTET SLUTT!**

## **REFERATSAKER**

**RS 51/15 Kommunereforma med fokus på ungdom Kommunereforma med fokus på ungdom 02.10.2015 00:00:00 Fylkesmannen i Møre og Romsdal**